



Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3849 - 18/2434

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
25.01.2018

Utvida mellombels bruksløyve - gbnr 212/137 Eikanger øvre

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Det er opphavleg søkt om ferdigattest for eigedom gbnr 212/137 innafør Eikanger Næringspark. Vi syner til sak 14/6930 vedkomande intern veg og VA-anlegg for tomtane i KBA2.

Før det kan gjevast ferdigattest for enkelttomtar innafør området må naudsynt infrastruktur som synt over vere ferdig utført med godkjent ferdigattest.

Eigedomen fekk mellombels bruksløyve den 01.12.2017 og det søkjast no om forlenging av dette bruksløyve.

Vurdering:

Det er i vedtak vår referanse 14/6930- 18/2094 gjeve mellombels bruksløyve for avkøysle til E39, delar av veg1, felles VA-anlegg og planering av delar av KBA2. Det er i same vedtak satt ei endeleg frist for ferdigattest til **10.11.2018**. Med grunngjeving i at gbnr 212/137 er avhengig av ferdigattest i denne saka vert fristane i desse sakane samanfallende.

Vi gjer merksem på at dette er ei endeleg frist, og det vert ikkje gjeve utvida frist utover dette.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Næringsbygg
Bygningsnummer:	300643574



Bruksareal:	2330 m ²
Avløp:	Felles slamavskiljar
Vatn:	Offentleg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile tiltaket på gbnr gbnr 212/**137** på følgjande vilkår:

1. Før det vert gjeve ferdigattest i denne saka, må det ligg føre ferdigattest for avkøysle til E39, intern veg og VA-anlegg innafor område KBA2 sak 14/6939.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 15.11.2018.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3849

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Kåls Bygg AS
Norconsult AS

Torvhusmyrane 2 5913
Postboks 626 1303

EIKANGERVÅG
SANDVIKA